



ØIVIND LEREN  
Roaldsetlia 17  
6450 HJELSET

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

## Dispensasjon for ferdsel i Erkna og Rødholmen naturreservat

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til søknad av 21.06.2021.

### Søknaden

Det er søkt om å få gå i land på Erkna og Rødholmen naturreservat i midten av juli 2021, med ei samla varigheit på 2-3 dagar. Formålet med besøka er å fotografere rugekasser for teist og havsvale, som del av eit bokprosjekt om fugl i fuglekasser. Besøka vil skje i samband med at Faunafokus AS gjennomfører godkjent overvakingsprosjekt i reservata.

### Lovgrunnlag

Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrifter, fastsett ved kongeleg resolusjon 28.05.2010, sist endra 28.04.2016 (FOR-2016-04-28-448). Etter § 5, andre ledd nr. 1 i forskriftene er ferdsel på land forbode i perioden 1. mai til 31. juli.

Statsforvaltaren har heimel for å gi dispensasjon frå verneforskriftene i § 48 i naturmangfaldlova (nml), der det heiter: *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, (...).*

Vedtaket om dispensasjon må også vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12, jf. § 7. Dette er prinsipp som omfattar vurdering av kunnskapsgrunnlag (§ 8), føre-var-omsyn (§ 9), samla belastning (§ 10), kostnader knytt til ev. skade på naturmangfald (§ 11) og miljøforsvarleg teknikk/driftsmetode (§ 12).

### Statsforvaltaren si vurdering

Formålet med Erkna naturreservat er å ta vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald og som inneheld trua, sjeldsynt og sårbar natur. Området består av ei tilnærma urørt øy med strandflater og berghamrar, og sjøområde og skjær omkring. Saman med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv utgjer området ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som havhest, fleire måkeartar, toppskarv, teist, ærfugl, havsvale og stormsvale. Området har òg økologisk funksjon som rasteplass for fugl på trekk, myteområde for ærfugl og nattplass for skarv og måker, og er leveområde for kravfulle planteartar



Formålet med Rødholmen naturreservat er å ta vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald og som inneheld trua, sjeldsynt og sårbar natur. Den tilnærma urørte gruppa av holmar og skjer med omliggande sjøområde, med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv, utgjer ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som blant anna raudnebbterne, makrellterne, teist og måker. Området har også økologisk funksjon som overnattingsplass for skarv vinterstid.

Statsforvaltaren legg til grunn at det er vesentleg for formålet med fotograferinga at det er hekkeaktivitet i kassene, og at besøka difor må skje i forbodsperioden. Øivind Leren er ein profesjonell naturfotograf med lang erfaring med fuglefotografering og omsynsfull ferdsel og opphald nær sårbare fugleartar. Fotograferinga skjer samordna med anna besøk av erfarne feltbiologar med god kjennskap til dei aktuelle artane og god lokalkunnskap om dei to reservata. Statsforvaltaren ser difor liten risiko for at fotograferinga og ferdselen vil verke negativt på hekkefugl i reservata, jf. nml §§ 8 og 10. Bokprosjektet er i regi av anerkjent forlag, og boka vil kunne bidra til auka kunnskap om bruk av fuglekasser til å fremje hekkebestandar av ulike fugleartar, og auka interesse for fugl generelt.

Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (nml § 8). Ut over vilkåra som er sett (nml § 12) får ikkje føre-var-prinsippet (nml § 9) vesentleg vekt.

### **Vedtak**

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Øivind Leren dispensasjon frå § 5, andre ledd nr. 1 i verneforskriftene for Erkna og Rødholmen naturreservat til å ferdast på land for å ta bilde av rugekasser for teist og havsvale. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

### **Vilkår**

- Dispensasjonen gjeld i perioden 1. juli til 31. juli 2021, med ei maksimal samla besøkstid på 3 dagar.
- Øivind Leren skal innhente råd og rette seg etter instruksjonar frå Faunafokus AS om omsynsfull ferdsel og framferd i reservata ut i frå dei rådande forholda ved besøka.
- Kopi av denne dispensasjonen skal vere med på besøka og visast fram på førespurnad.

### **Klage på vedtaket**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Statsforvaltaren. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Statsforvaltaren opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)  
miljøverndirektør

Bjarne Otnes  
fagleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: Faunafokus AS